



Jubileumsavis



Ulstein kr. Ungdomslag



1882 100 ÅR 1982

Illustrasjon:
Eit par av sidene i den første protokollen med dei første lovene.

Det er i desse dagar 100 år sidan sokneprest Anker tok initiativ til å skipe Ulfstens Ynglingforening. Skippingsmøtet vart halde i skulehuset på Skeide, 23. mars 1882, 62 menn skrev seg inn og foreininga omfatta Ulfstens sokn.

Namnet på foreininga har skifta, Ulsteins Ynglingforening, Ulstein Ungdomsforening og i dag Ulstein kr. Ungdomslag, men foreininga har gjennom alle år, og særleg dei første femti åra øvd sterkt påverknad på kulturlivet i Ulstein.

I dag har ungdomslaget ca. 400 medlemmar i alle aldersgrupper, fordelt på 13 underavdelingar og arbeidslag i tillegg til hovudforeiniga. Innanfor laget blir det kvart år avvikla over 800 hundre samlingar det tilsvavar over 20 samlingar i veka, eller 3 samlingar pr. dag i gjennomsnitt i den tida av året da foreiningane er i aktivitet.

Føregangsmenn i Ulstein var tidleg ute med å ta opp dei nye impulsane. Da Ulfstens Ynglingforening vart skipa var foreininga mellom dei 19 første i landet. Ynglingforeiningane var først og fremst eit byfenomen og foreininga i Ulstein var ein av dei aller første på landsbygda. Her på Sunnmøre var det til då skipa ynglingforeining berre i Ålesund.

Først fem, seks år seinare kom det fart i arbeidet på bygdene, då var det vanleg at foreiningane som vart

skipa var ungdomsforeiningar, og dermed åpne for jentene frå starten. Såleis vart det skipa ungdomsforeiningar på Hareid i 1886, på Vartdal i 1889.

La oss prøve å skissere den historiske bakgrunnen med nokre enkle strek. Ein kan seie at historia til foreininga fell i to hovedperiodar, dei første førti, femti åra, hadde ein eit uhyre vidt og kulturope program, tyngda av aktiviteten lå i hovudforeiniga og her melde alle gutar seg inn etter konfirmasjonen, seinare i 1895 vart foreininga omskipa til ungdomsforeining og åpna for jentene og her var oppslutnaden like stor.

Omskifte kom gradvis i 20- og 30-åra. Dei kulturopne grundtvigianarane vart skuva til sides og eit roseniansk kristendomssyn fekk større rom i foreininga. Programmet vart snevrare, det vart etter kvart slutt på at alle konfirmantane melde seg inn. I tillegg har hovudtyngda når det gjeld aktivitet og medlemstal dei siste femti, seksti åra forflytta seg frå hovudforeiniga og til stendig fleire underavdelingar. Hovudforeiniga er i dag berre ei støtteforeining av vaksne medlemmar og ein paraply over heile arbeidet. Barnearbeidet og speidararbeidet kjem til i byringa av den siste perioden og dette arbeidet har vore dreve serleg aktivt.


Kursen for foreininga er staka opp i paragrafen i dei første lovene. Her heiter det at «foreiningens formål er

Guds ord og den lutherske kirkes bekjennelsesgrunn at fremme sunn kristeleg og folkelig opplysning og samt kameratskap blant foreningens medlemer». Dette vil ein oppnå ved «foredrag, opplæsning og samtale om kristelige og allmennytige gjenstande, samt oppbyggelse af Guds ord», og ved å bygge opp eit bibliotek av bøker og tidsskrifter til bruk for foreningsmedlemane. Dei første bøkene til biblioteket vart innkjøpt i 1883, og ved århundreskiftet hadde ein over fire hundre band.

Ungdomsmøtet var så og seie einerådande møteform dei første ti åra, heile det kulturopne programmet lå i dette omgrepet, ein tok opp eit vidt spekter av emne, det vart halde foredrag om kunst og kultur, historie og næringsliv. Kjende personar som Ludvig Holberg, Hans Nilsen Hauge og Martin Luther vart portretterte, ein diskuterte etiske spørsmål og ein lang rekke andre allmene og kristelege emne, i tillegg hadde ein ofte song og musikkinnslag på møta. Dette breie engasjementet førde med seg ein rekke knoppskytingar, særleg når det galdt sang og musikkliv.

I 1885 vart det skipa mannssangforeining (i dag Ulstein Mannskor), i 1893 musikkforeining (i dag Musikklaget ULF) og i 1922 fekk foreininga eige salong-

gorkester (i dag Ulstein og Hareid Fellesorkester). Frå midten av 90-åra ser vi at dei mest radikale i foreininga får noko større spelerom, og ein tek opp ein rekke «frilynde» saker. Slik blir Ulstein Mållag skipa, etter eit initiativ i Ungdomsforeininga i 1898, men det første målforedraget vart halde i foreininga allereie i 1882, sameleis steller foreininga seg no i brodden for 17. mai feiringa. Rett nok fekk Hansteen til eit kompromi, slik at ein i spissen for toget bar eit «unionsmerket flagg på høgre, og eit reint flagg på venstre side», men det var slett ikkje alle som var like glad for at venstresaker og nasjonale idear fekk for stort innpass i foreininga.



Ulstein kr. Ungdomslag har vore aktivt med i formingen av bygda frå før den tid dette biletet vart teke og fram til i dag.

NOKRE AV DEI SOM GJEKK FØRE

Vi har take portrettet av nokre av dei som gjekk føre ned frå veggen.

Alle fem var sentrale personar i laget og fekk mykje å seie for den retninga arbeidet tok dei første 40-50 åra.

Strand Rør

Rørleggerforretning
6065 Ulsteinvik

Gratulerer med 100-års jubileet!


Havna Grill
GATEKJØKKEN
Tlf. 81 208 -
6065 Ulsteinvik

NYTT FOSS BAD
Det er enkelt
å få et praktisk
baderom
- kontakt din lokale
VVS forhandler
**RØRLECKER
SVEIN ROPPEN**
Tlf. 84 136 - Ulsteinvik



Johannes P. Skeide
(1822 - 1888)

Han var en framtøk mann. Alt i 1853 hadde han skaffa seg og familién båtplass til Amerika, men måtte gjøre vendereis. Han kom attende til Ulstein, kjøpte tilbake garden på Volland og dreiv han fram til eit mørsterbruk. J. P. Skeide kom med i ei haugiansk vekjing i ung alder og vart etterkvart litt av ein lekemannshovding. Han var første lekemann som vart formann i Ulstein Missionsforening (1873) og særleg etter vekjinga i 1875-76 samlast det ein fast flokk av «vagte» rundt J. P. Skeide - i Vollegarden og på bedehuset. Han vart såleis ståande sentralt då Ynglingeforeininga og Indremisjonsforeininga (1883) vart skipa og sat i begge styra frå starten til han døyde. Johannes var ein typisk haugianar - ein foregangsmann på det åndelige såvel som det praktiske området. Han var mellom dei som sto bak skipinga av Ulstens Sogns Spareforening (Forbruksforeninga) i 1872 og var ordførar i Ulstein 1868 - 71 og 1876 - 81.



Martinus Bjørndal
(1843 - 1916)

Martinus Bjørndal var sterkt politisk engasjert og hørte til dei meir kulturopine i Ynglinge-/Ungdomsforeininga. Han ivra for målsak og folkeopplysing, og desse sakane kom også til å prege programmet i foreininga. Av yrke var han lærar. Det var Bjørndal som tok initiativet til Forbruksforeininga og han var formann i styret i 31 år. Han sto i brodden då det vart skipa Venstre-lag i Ulstein og var ordførar 1884 - 1895 og 1898 - 1901. Martinus Bjørndal hadde eit godt lag med ungdomen og kunne inspirere og engasjere. Han vart vald inn i første styret i Ynglingeforeininga og sat i 12 år - heile tida som nestformann. Då Anker forlet Ulstein i 1894, fungerte han ei kort periode som formann.



Nils Christian Anker
(1848 - ?)

Anker kom til Ulstein frå Ramnes i Vestfold i 1881. Han var sokneprest i Ulstein rå 1881 til 1894. I 1885 vart han utnevnt til prost i Søre Sunnmøre prosti. Det var i hans tid at det kristelege lagslvet for alvor tok seg opp og vart ein viktig faktor i bygdelivet. Anker var drivkrafta både då Ynglingeforeininga vart skipa og noko seinare då Indremisjonen vart organisert. Kona hans, Gabrielle, var særleg oppteken av arbeidet mellom borna og ho fekk i gang fleire sundagsskulalar. N. C. Anker hadde eit sterkt syn for sosialt arbeid. Han fekk skipa «kirkeelig fattigpleie» innanfor ramma av Indremisjonen og han var nok også drivende kraft på den første aldersheimen på Sunnmørsbygden vart reist i Ulstein. Anker sat som formann både i Indremisjonsforeininga og Ynglingeforeininga så lenge han var i Ulstein. På mange område var han konservativ, men han sto likevel på god fot med lekfolk. Han forlet Ulstein for å bli sokneprest i Tromøy.



Carsten Balthazar Hansteen
(1856 - ?)

Hansteen vart sokneprest i Ulstein i 1894. Tidlegare hadde han mellom anna vore sjømannsprest i New York og reisesekretær i sjømannsmisjonen. I Amerika kom han i kontakt med sundagsskulearbeidet og vart også ein ivrig målsmann for dette. I hans tid vart det organisert sundagsskular i alle krinsar i Ulstein. Hansteen skreiv og ga ut boka «Søndagsskolen» i 1893 der han gjorde greie for ideane sine. Han var svært godt likt som prest og framfor alt var han ein framifrå talar. Som formann i Ungdomsforeininga gjorde han mykje for å halde ungdomen saman. Det var han som arbeidde sterkest for at det nyskipa frilynde ungdomslaget «Kålmina» skulle legge ned og gå inn i Ungdomsforeininga att. Det er nok rett å eie at kompromisslina til Hansteen førde til at dei mest kulturopine i foreininga fekk større spelerom enn dei hadde hatt - og foreininga vart opna mot nasjonalistiske og radikale straumdrag. Hansteen sat som formann i Sunnmøre Krins av NKUF i ei periode.

Han søkte og fekk stillinga som sekretær for Oslo Indremisjon og forlet Ulstein i 1899.



Olaus Alme (1865 - ?)

Olaus ALme, eller Olavius som han eigentleg heitte, er ein av dei ein ikkje kjem utanom når ein skal skrive om Ungdomsforeininga i Ulstein. I nesten 20 år sat han som formann. Ein kan knapt forestille seg kor mykje han må ha ofra av tid og krefter på dette arbeidet. Han var drivande kraft då «Fredheim» var reist i 1908.

Olaus var lærar. Han hadde gått lærarskulen på Hamar og vart tilsett ved Hasund skule i 1899. Han vart klokkar i Ulstein då Augustin Buset gjekk av i 1900. Han slutta som klokkar i 1935. I lagslivet førte han vidare ideane til dei som hadde gått føre. Han var også ein av leiarane i Indremisjonen og tilhøvet mellom dei to foreiningane var godt. Alme var også mykje brukt som talar og foredragshaldar rundt om på Sunnmøre. Sannsynlegvis er det mykje han å takke at vi fekk Sunnmøre Kristelege Ungdomsskule hit i 1908 og at Ulsteinvik såleis vart eit senter for Ungdomskrisen.

**Johs. Rasmussen efft.
BAKER- OG KONDITORVARER**
Telefon 80 293

**AUDHILD WIGG
GATEKJØKEN**
Tlf. 81 186

**Klöver - Atomic
JEANS / CORD OG DONGERI**
Kle for heile huslyden
finn De hjå
**KLESEENTERET
BOTNEN MANUFAKTUR**
Tlf. 149 - 6065 Ulsteinvik

**et Bok
&
Papir
Hus**

A. J. EIKEN
Bok- & Papirhandel
6065 ULSTEINVIK

BE J. K. Brandal Elektriske A/S
AUTORISERT EL INSTALLATØR
Tlf. butikk/kontor: 071 80 771 - Inst. Lager privat: 071 81 190
TRENGDU:
EL.INSTALLASJON? - EL.ARTIKLAR? - BELYSNING?
Velkommen til ein prat med fagmannen!

**Komplett
reklame-
pakke**
eller enkeltstående
mindre oppdrag

1. Firmavignett
2. Trykksakopplegg
3. Annonsar, brosjyrer
og publikasjonar
tegneren
6072 Hadel
Tlf.: 071/84288

Ulstein Sko
6065 Ulsteinvik

Johs. Strand
Kjøtt- og Pølsevarerforretning
Telefon 42

Ulstein Sko
6065 Ulsteinvik

tydelegare ved århundreskiftet då det frilynde ungdomslaget «Kålmina» gjekk inn i ungdomsforeininga. Då IUF vart skipa etter vekkjingane i byrjinga av 30-åra, slo konflikten ut for fullt, og førde til kloving i ungdomsflokken, og motsetnadstilhøve var nokså sterkt ei tid.

Krav om det skal vere andakt på alle møte er nedfelt i lovene, men dei første femti åra sto det ofte strid om kor stor plass det åndelige skulle ha i programmet. Sameleis vart det ofte diskutert om folk som ikkje rekna seg som personleg kristne kunne ha leiaransvar i foreininga. Striden kulminerte då «Herem's» testamente vart vedteke i byrjinga av 20-åra. Det innebar at berre personlege kristne kunne veljast inn i styret, og frå no av er det ein klar tendens at breidda i emneval blir mindre og ein blir meir opptekne av «det eine naudsynlege».

Formenn gjennom 100 år

Nils Christian Anker	1882 - 1894	Anfinn Sundnes	1950 - 1951
Carsten Balthazar Hansteen	1894 - 1899	Ommund Eikill	1951 - 1953
Jørgen Svennøe	1899 - 1901	Georg Sundgot	1953 - 1956
Olaus Alme	1901 - 1917	Ole-Lars Ulstein	1956 - 1959
Peter Hatlø	1917 - 1918	John O. Ulstein	1959 - 1961
Olaus Alme	1918 - 1919	Oskar V. Sundgot	1961 - 1963
Edvard Standal	1919 - 1920	John O. Ulstein	1963 - 1964
Severin Hop	1920 - 1921	Leif Hansen	1964 - 1965
John Hoem	1921 - 1925	Oddlaug Ulstein	1965 - 1967
Olaus Alme	1925 - 1928	Arild Myklebust	1967 - 1969
Edvard Standal	1928 - 1931	Hjalmar Holte	1969 - 1972
Osvald Ulstein	1931 - 1932	Kjartan Grimstad	1972 - 1976
Edvard Standal	1932 - 1936	Svein Rødset	1976 - 1979
Otto Holmås	1936 - 1938	Lidbjørn Vattøy	1979 -
Hans Skeide	1938 - 1940		
Johan Sæter	1940 - 1942		
Oddmund Ulstein	1942 - 1949		
Georg Sundgot	1949 - 1950		

Ein gjer merksam på at dette er dei formennene som har vore valde. I einskilde høve har andre fungert som formenn i delar av perioden. Desse er ikkje medtekne på lista ovanfor.

KFUM Ulsteinvik hevdar seg godt og satsar friskt, men



MANGLAR VAKSNE LEIARAR

Åge Grimstad er formann i KFUM Ulsteinvik

Susanna Sæter (75):



«Viss eg hadde vaks opp utan å ha ungdomsmøta på Fredheim, veit eg ikkje kor det hadde vore med meg!»

Ho Sanna var berre 6 år då familien flytta inn på Fredheim i 1913. Ungdomsskulen heldt til i huset på den tida, men elevane budde privat rundtom på bygda. Utanom familien Hop, budde det berre nokre kjøkenjenter på Fredheim, og jentene budde heilt oppunder mønet. Skulen flytta ut i 1919. Faren, Severin Hop, var ikkje berre ein dugande styrar for Ungdomsskulen gjennom mange år, han var også aktiv i ungdomsarbeidet i Ulstein.

Sanna fortel:

- Eg hugsar føre konfirmasjonen. Far byrja med eit songkor då. Han hadde nok å gjere frå før, det var ikkje det, men det var så om å gjere for han at vi borna skulle kome inn i godt lag. Han Per var med i triangelgutavdelinga, og eg og mange av jamnaldringane mine var med i dette koret.

Eg vart konfirmsert i 1921 og eg trur alle konfirmantane melde seg inn i Ungdomsforeininga då. Her var ikkje noko anna for ungdom her, ikkje frilyndt arbeid heller, og det trur eg var godt. Hugsar ikkje første møtet med Ungdomsforeininga, men vi var no med på ungdomsmøta. Torsdagane var det bibetim. Her var det ofta dårleg frammette. Annankvar søndag derimot var det ungdomsmøte og då møtte ungdomen manjamnt fram. Desse møta hadde eit meir festleg preg. Vi hadde det veldig kjekt i lag. Kameratskapet var svært godt. Vi song mykje, hadde opplesing frå bladet, deklamasjon, talar og diskusjonar.

- Kva fekk Ungdomsforeininga å seie for deg?

- Viss eg hadde vaks opp utan å ha ungdomsmøta på Fredheim, veit eg ikkje kor det hadde vore med meg - om eg hadde vore ein kristen. Eg har sett stor pris på Fredheim. Her fekk ungdomen vere med i styret. Vi vart vist tillit og fekk ansvar - og det trur eg ungdomen har godt av.

- Korleis var tilhøvet til dei som gjekk på bedehuset?

- På bedehuset var vi ikkje heilt velkomne, vi som gjekk på Fredheim. Det var eit nokså skarpt skilje ei stund - det måtte vere i 20-åra. Heldigvis er det ikkje slik lenger, men det heng nok att litt av det enno. Vi i Ungdomsforeininga kunne samle oss om t.d. fedrelandssongar eller songar om naturen og det var nærmast sett på som ugudeleg. Og så leika vi oss - ringkar som slå på ringen og siste par ut - det vart reagert på det også.

No var det mykje same folket som gjekk begge stadar. Dei fleste av dei eldre hadde vore med i Ungdomsforeininga. Det kunne vere ungdomen som var mest uforsonleg og domande. Eg hugsar åra etter at Lars Lied hadde vore her. Han fekk med seg ungdomen og indremisjonen vart nærmast delt, syns eg.

- Men det var vel vekkjingsstider også - tidleg i 30-åra til dømes?

- Ja, det var vel A. O. Eidså som var her då. Han var vidgjeten som stortalar. Hadde vel vore i Amerika også. Han hadde ei svær vekkjingstid her i Ulstein. «Kristenfolket kor» trur eg var skipa då. Det var Holmås og Eidså som fekk i stand det for dei som kom med i vekkjinga. Det var vel byrjinga til Ulstein kr. Blandakor.

Vekkjinga var gjennomgripande og samla dei kristne. Det var eitt ønske: at kristenfolket skulle bli fornys og at nye skulle bli frelste. Det var særleg innretta på dei unge. Når dei kristne står samla, er det godt. Men etter vekkjinga blussa striden opp att. Dei kristne delte seg i grupper og alle ropte «kom til oss».

- Og ungdomsstemna, fortel om dei!

- Når det var ungdomsstemne her i Ulstein, var hamna heilt svart av båtar. Overall langs vegane kom det folk gående og syklende. Det var reine sytande-mai-stemninga. Og ved slike høve måtte ein ta i bruk det som var av husrom. Eg hugsar ein gong i Sydve. Vi skulle overnatte hos ein familie der. Dei var ti born og mora hadde nettopp døydd på barseng. Dei tok imot 30 menneske i huset den natta. Det syns eg var imponerande.

17. mai, ja, seier ho Sanna. Då møttest vi i Strandabøen, vi frå Vik og Hasund-foreininga. Det var stor stas. Særleg stor stas var det med hornmusikken. Vi var kry av den elles også, når vi var på stemne i andre bygder. Eit artig innslag i feiringa av nasjonaldagen var når gamlekaranane drog tau. Det skal eg seie deg at dei la alvor i, minnast Susanna Sæter.

- I det siste har vi forresten merka at volleyball har vorte meir populært og treningsopplæringa blir prioriterte. Slik har det ikkje alltid vore tidlegare. Eg trur dette har samanheng med at vi har eit fast treningsopplegg, jamnt og godt oppmøte og at vi kører litt hardare enn tidlegare. Volleyball har vore sett på som ein «frøkensport», men no kører vi i alle høve med styrketrenings og er godt sveitte etter treingane.

Det går mot 2. plass i serien

KFUM Ulsteinvik stiller i år berre med herrelaget i serien. Laget har hevdar seg godt i 4. divisjon og kjem til å ende på andre plass. Dersom Spjelkavik Langevåg trekkjer sitt lag, kjem KFUM Ulsteinvik til å rykke opp, og det er det god von om.

Av andre sportsleger bragger nemner Grimstad KFUK/KFUM-mesterskapet i Trondheim i haust. Her stilte ein med eit gutelag som spelte seg til finalen. Finalekampen mot KFUM Hønefoss enda rett nok med tap, men ein andrepllass er slett ikkje å forakta.

Juniorlaget spelte seg til ein andrepllass i kvalifiseringa til Juniormesterskapet i Ålesund. Det vart tap mot KFUM Volda i den avgjerande kampen, men ulsteinvingane tok eit sett. Berre eit lag kunne gå vidare. KFUM Ulsteinvik fekk berre gjort det klart at dei kan stille med det nest beste juniorlaget i krinsen. Ikke lite det heller.

Det kryr av andreplassar, men rett skal vere rett: Herrelaget vann juleturneringa i Bergsøy. No må det vel også seiast at det er nokså stor grad av overlapping mellom dei laga ein har stilt med i ulike samanhengar.

Og no satsar laget friskt: - Dersom alt går etter planen, kjem vi til å arrangere ei turnering 16. - 18. april, fortel Åge Grimstad. Vi har sendt ut innbyding til alle lag i Møre og Romsdal, og har god von om å få med 20 lag eller ca. 200 delta-karar. Det har aldri tidlegare vore arrangert ei slik turnering der også 3., 4. og 5. divisjon har vore med. Ein satsar på at programmet rundt turneringa skal vere eit KFUM-program.

Utover våren har ein invitert fleire Ten Sing-kor til Ulsteinvik og ein planlegg ungdomskveldar i samband med desse vitjingane.

Gode sponsoravtalar

- Økonomien har i år vore betre enn nokon gong. Vi har fått god støtte frå til dømes Ulstein Hatlo og forretningsstanden og bedrifter i det heile. Ulstein Sparebank spanderte gratis overtrekksdrakter på oss. Dette er vi svært takksame for. Elles får vi inn ein del på med-


Mens sana in corpore sano - vi kan ikkje la vere å nemne dette vise ordet på vismannspråk - ei sunn sjel i ein sunn lekam. Det er eit ideal vi gjerne kunne pusse blankt. Og volleyball er ei sportsgrein i medvind - la det berre vere sagt!

lemskontingent.

Men på den andre sida er reinsebudssettet stort, og større vil det bli neste sesong med flere lag og spel i ein høgare divisjon. Dersom ein rykkjer opp, vil ein også måtte leige Ulsteinhallen til kampane pga. krava forbundet stiller. Laget investerte i nye drakter i år til

3000 kroner. Så pengar er det bruk for.

- Vi vil satse litt på økonomien, seier Grimstad. Dette er ein av grunnane til at vi prøver å få i gang ei støttegruppe. Men viktigaste grunnen er at vi kjenner behov for å ha vaksne i ryggen. Vi står for mykje åleine, slik det er i dag, sluttar han.



KFUM Ulsteinvik

- Skipa i 1970.
- 25 jenter, 10 gutter og 15-20 herrar.
- Formann: Åge Grimstad.
- Trenarar: Knut Osnes (jenter) og Åge Grimstad / Åge Skeide (gutar/herrar).
- Treningstider på Sunnmøre Folkehøgskule: Tirsdag kl. 19.30 - 21.30 (jenter), mandag kl. 17.00 - 19.00 og onsdag kl. 17.00 - 19.00 (gutar/herrar).
- Ein stiller i år berre med eit herrelag i serien. Jentetreningane kom for seint i gong til at ein kunne melde på lag.

Arne Walderhaug er gruppeleiar for KFUM-speidarane:

«- For meg er det viktigast at speiding er eit kristent arbeid»

- Eg satsar no medvite på å byggje opp førarpatruljen, seier Walderhaug. Den viktigaste oppgåva for meg er å inspirere til eit kristent fellesskap i dette forumet og så vonar eg at inspirasjonen kan nå dei andre også.

- Kva slags fortrinn har speidararbeidet framfor anna kristent barne- og undomsarbeid?

- Leiastrostring, kjem det kontant. I og med at arbeidet er så aktivitetsprega, får speidarane

oppføring i å ta ansvar og arbeide sjølvstendig. Eit like viktig fortrinn er at den same personen som lærer frå seg knutar og andre speidartekniske ting, også er kristen og forkynnar. Derved får vi som speidareleiarar eit spesielt høve til å vise at kristendomen hører dette livet til og skal gjennomsyre alt.

- Er det ein spesiell mennesketype som blir speidrarar?


- Kva slags mennesketypar som er innom arbeidet, trur eg varierer mykje. Speidararbeidet har plass for alle, men det blir sjølv sagt ei viss avskaling. Ideallet er nok ofte den friske og aktive friluftstypen.

- Uniformene er framleis i bruk. Er ikkje det ein fortidslevning?

- Utgangspunktet for uniformene var at ein ville hindre at det skulle bli sosiale skilje mellom borna som var med. Når alle var likt kledd, var det vanskeleg å sjå kven som var fattig og kven som var rik. No kan ein sjølv sagt seie at det er sidrumpa å halde på uniforma, men eg syns det har ein viss verdi. Det

Josef Ulfstein BAKERI

VI GRATULERER ULSTEIN KR. UNGDOMSLAG med 100 år i byggjande arbeid



ULSTEIN
SPAREBANK

IDISTRIKTET SI TENESTE SIDAN 1927
BRUK BANKEN - BYGG BYGDA



Arne Walderhaug

har noko med einskapskjensle å gjere. Dessutan er det ikkje avleggs med uniformer: Sjå på idretten og draktene der til domes.

Dei pedagogiske ideane som ligg bak speidringa var, då dei vart lanserte, nokså radikale. Arne Walderhaug er inne på at i dag byggjer opplæring ai grunnskulen på mange av dei same metodiske prinsippa. Patruljesystemet er i skulen blitt til gruppearbeid og det er ein allmen regel at ein lærer ting best ved å gjere det sjølv. Her var det speidarane som gjekk føre og viste veg. På same måte har mange tradisjonelle speidardisiplinar kome inn som fag i skulen; Førstehjelp, livredding, kart og kompass, naturkjenntskap osv.

- Om du skal sjå det frå den einskilde guten sin synsstad - kva trur han ser på som verdfullt ved speidringa?

- Kameratskapet, opplevingane av eventyr og spenning, og speidarteknisk kunnsskap og dugleik. Det er artig å vere med på noko og det er artig å kunne noko ein har bruk for. Eg veit ikkje kor medvitne gutane er at



Konkurranse og leik er viktige innslag i speidararbeidet. Det fortel også artikkelen Arnstein, Kjetil, Einar og Kjetil har skrive (side 7).

dei står i eit kristent arbeid - for meg er det det viktigaste.

- Kva ynskje har du for arbeidet?

- At vi måtte klare å skape eit godt speidarmiljø der gutane trivst, får positive opplevelingar og lærar noko dei kan ha nytte av i framtida. Framfor alt at

gutane kan få eit personleg møte med Jesus Kristus. Leiara og økonomi er trass i alt berre middel og det kan gå så opp og ned med det. Slike ytre ting ordnar seg som regel, seier Walderhaug og er litt meir optimistisk på vegne av I. Ulsteinvik KFUM no enn han var ved nyttårstider.

Speidring i 75 år

Speidarrøsla og 24 milionar speidrarar verda over kan i år sjå tilbake på 75 år. Det var sommaren 1907 at 16 gutter var samla til den første speidarleiren i verda på Brownsea Island i den engelske kanalen. Leiari var Baden Powell, krigshelt og yrkesmilitær. På bakgrunn av røynslene sine frå leiren, skrev han i boka «Scouting for Boys».

Egentleg hadde han ikkje meint å skipe nokon ny organisasjon, han kasta berre fram ein del tankar om korleis ein kunne utvikle mot, intelligens, initiativ og eventerlyst hjå den einskilde - og korleis ein kunne drive friluftsliv på eiga hand og i grupper. Men det viste seg at ideen fengja voldsomt og tusenvis av gutter slo seg saman i patruljar og byrja å setje Baden Powell sine idear ut i livet. Stikkorda var og er aktivitet, samarbeidsopplæring og friluftsliv.

Jentene fylgte ikkje så langt etter. I dag er ca. ein tredjedel av speidarane i verda jenter. Rørsila er spreidd til 150 land.

Kari Mette Sundgot og Ellinor Skeide er vandrarar i Ulsteinvik I. KFUK. Her er dei ute i skogen. Korleis dei syns det er å vere speidarar, kan du lese om på side 7.

Hard konkurransen om borna og dei unge MEN SPEIDINGA OVERLEVER

- Eg er ikkje heilfrelst speider i den forstand at eg ser speidring som den einaste rette arbeidsformen, seier Anne Håkonsholm. Men kjekt er det. Og det viser seg at speidararbeidet har overlevd. Eg trur også dette har framtida for seg. Det fenger tydelegvis.

- Kvifor, trur du?

- Medlemene i ein patrulje får løyse oppgåver i lag og det sveistar saman. Ofte blir det slik at dei dei er i lag med i speidararbeidet, er dei også i lag med til dagleg - så kameratskapet blir godt. Utfordringa trur eg også har mykje å seie. Dei får prove seg på svært mange område. Dette viser seg også ved at turar og leiari har ein spesiell appell. Oppbygginga gjer at dei får vekse med ansvar. Dei lærer å fungere sosialt og ta avgjerder i lag. Og dei lærer at skal det bli noko, må dei sjovle ta initiativet. Det er påfallande at så mange av dei som tek leiaraansvar i andre samanhengar, har gatt skulen i speidararbeidet.

Ulsteinvik I. KFUK har mellom 60 og 70 medlemmer og aktiviteten er omfattande. Når det gjeld leiari, er arbeidet i stor grad sjølvetrekkende. Ein ynskjer likevel å få foreldre og andre vaksne meir aktivt med i arbeidet. Dette er bakgrunnen for at ein no prøver å få i stand ei sams foreldreforening for KFUK- og KFUM-speidarar.

- Men sjølv om speidring fengjer, merker ein vel likevel konkurransen?

- Ja, det er klart. Borna har eit enormt tilbod å velje i. Vi merkar særleg konkurransen frå idrettene. Det kan vere positivt også. Det betyr ikkje anna enn at ein må drive godt for å overleve, seier Anne. Ho legg til at speidararbeid er tid- og innsatskrevjande - og dei som satsar og prioritærer er gjerne dei som kjem til å like seg best i arbeidet.

- Vil det seie at alle lag konkurrerer om eit fåtal av borna og dei unge?

- Det er nok ei gruppe ingen av oss når. Men om gruppa som fell utanfor er stor eller lita, er vanskeleg å avgjere. Eg trur vi speidarane når ein del av dei som ikkje ville funne seg like godt til rette i ein annan samanheng og at vi har jenter i speidargruppa som berre er med på denne aktiviteten.

Turar og leiari er populært. Over 40 jenter er førebels

påmelde til landsleiren til Norges KFUK-speidere på Jørstadmoen til sommaren. Patruljene arrangerer turar når dei lystar og ein gong i semesteret er det tropptur.

Den kristne fostrinna er sentral i speidararbeidet og i Ulsteinvik I. satsar dei mykje på å få vandrarar og patruljeførarar med i bibelgrupper og anna kristent arbeid, kan gruppeleiar Anne Håkonsholm fortelle.



Anne Håkonsholm

Kjellaug Sundnes (75):



«Vi hadde leiariar som var flinke til å oppmunstre oss. Og mange av oss tok del i program»

Kjellaug melde seg inn i foreininga samstundes med Susanna Sæter. Dei er like gamle dei to. Ho hugsar at dei ble oppmuntra til å kaste seg fram på og lage program. Det var særleg Holmås som var flink til å aktivisere medlemene. Sjølv fekk ho referentoppgåva. Den tida vart det alltid lese referat frå forrige møte når dei samlast. Også bibeltimane vart refererte.

- Var du noko med i styret?

- Ja, eg sat i styret eit par periodar. Eg kan særleg hugse ein episode - det må ha vore i samband med landsmøtet i 1930. Det året var det voldsomme spenningar mellom dei evangeliske og dei liberale, men Anfin hugsar sikkert dette betre enn meg.

- Han hugsar. Anfin vart utsending frå Volda på landsmøtet. Forbundet var nær ved ei kloving den gongen, fortel han. Ragnvalad Indrebø stilte kabinettspørsmål på saka: Dersom landsmøtet gjekk inn for at dei liberale skulle få sleppe til, kom han til å gå ut av NKUF.

- Eg trur foreiningane var oppmoda til å vere med i bøn for dette landsmøtet, seier Kjellaug. Vi i styret var i alle hove samla til bønesamvær i lisjesalen, medan det heile sto på, og slik var dei samla i alle foreiningane rundt her. Det var dramatisk. Vi kjende nesten at vi var med i drakampen.

- Programmet var vel nokså allsidig....

- Far min tente med presten i Dimnasund på den tida foreininga var skipa. Då var det verkeleg kulturope. Han fortalte at dei hadde foredrag om jordbruk. Men også frå mi tid kan eg hugse at vi hadde reint opplysningsprogram. Ein gong var fru Tjensvoll her og snakka om kvenna sine overgangsaldrar. Vi fekk ikkje så mykje opplysning på den tida.

Julefestane var stor stas, held ho fram. Komiteen la ned mykje arbeid i pyntinga. Bak på galleriet var det pynta med lekkjer av myllbærlyng eller kransar. Overalt langs veggane var det sirlege papirlekkjer og talarstolen var pynta med flagg. Så var det programmet. Vi hadde aldri mindre enn tre talar. Mellom talane var det song, opplesingar eller andre innslag. Festen måtte vere 2. dag, for 3. dag reiste mannluka på sildefisket. Vi gjekk rundt treet og song julesongar til midnatt - så bytte karane til sjøklede og gjekk ombord.

- Og torsdagsmøta var alt tradisjon?

- Torsdagane var det bibeltime. Eg hugsar særleg to etter kvarandre. Vi var omrent berre fem-seks som gjekk på dei møta. Desse to gongane var det Olaus Alme som skulle ha bibeltimen. Han var i tvil om det var gagn i å ha noko når vi var så få, men vi ville at han skulle halde bibeltimen sin. Etterpå var det bønestund og det var ei slik nød mellom medlemene for bygdefolket. Kort tid etterpå kom Eidså til bygda og då bratt vekkjing aut. Det var i 1931.

- Vekkjinga førde med seg eit omskifte i foreininga, har eg forstått. Er det rett å seie at programmet vart snevrare?

- Ja, det stemmer nok. Det vart lagt meir vekt på det åndelige.

- Og så kom barnearbeidet?

- Å, det hadde vel kome i gong litt før det også, det. Et var Per Hop som byrja med gutane. Han hadde i guteforeininga dei fletta korger og dreiv med anna formingsarbeid. Det var meininga at eg skulle setje i gong med noko liknande for jentene, men det blei ikkje, fortel Kjellaug Sundnes. Ein av grunnane var at ho reiste frå bygda i 1933 og var borte herifrå i 15 år.

DEKK & SERVICE A/S

Ulsteinvik - tlf. 81 083

AUTORISERT BILVERKSTED - SHELL-STASJON - GODT UTVAL I BILREKVISA

KVALITETSKLÆR FRA 0 - 16 ÅR BORG IMPORT

Tlf. 80 523 - 6065 ULSTEINVIK

Straumane Handelslag
Tlf. 80 785

ASS. LANDHANDEL - SUNDGOT
Godt utvalg i sport og sko

ALT I SPORT HOFSETH JARNVARE

ULSTEINVIK

Ulsteinvik 1. KFUM

- Skipa 1947 - tidlegare drive som triangelgutt-avdeling frå våren 1939.
- Vel 30 betalande medlemmar fordelt på 4 patruljer.
- Gruppeleiar: Arne Walderhaug.
- Andre leiariar: Inge Håkonsholm, Magne Olav Grimstad, Per Einar Moldskred og Per Osnes.
- Kasserar: Sigbjørn Halle.
- Møteaktivitet: Patruljemøte kvar veke, patruljeførarmøte kvar 3. veke, leiarmøte ca. ein gong i månaden, sensureringssamling kvar 6. veke og troppsmøte kvar 6. veke.

Ulsteinvik 1. KFUK

- Skipa 1940.
- 59 betalande medlemmar. Av dei er 33 stiftinnarar (fordelt på 3 patruljer) og 10 kadettar eller hjelpearar.
- Gruppeleiar: Anne Håkonsholm.
- Vandrarleiari: Judit Grimstad.
- Kasserar: Signe Walderhaug.
- Møteaktivitet: Patruljemøte kvar veke, leiarmøte kvar 14. dag og troppsmøte ein gong i månaden.



Elektr. forretning

Aut. installatør...

Iolv DIMMEN

6065 ULSTEINVIK
Tlf. (071) 80 027 -
Postgiro: 583 49 57

**NYE
ULSTEIN
HOTELL**
N-6065 Ulsteinvik, Tel. 071/80162

ALT I SANITÆRUTSTYR OG BADEROMSMØBLER

Kom og sjå vår
utstilling ved Straumane Handelslag

ÅPNINGSTIDER:

Torsdag, fredag kl. 13.00 - 17.00
Laurdag kl. 09.00 - 13.00

GJERDE RØR

RØRLEGGERFORRETNING

6065 ULSTEINVIK

NRL
godkjent medlem

Eit desentralisert barnearbeid



- Dette arbeidet er ikkje så krevjande. Vi syns det er kjekt. Ungane er så fornøydelege i den alderen - så naturlege og koselege. Det blir vel helst verre når dei blir større. Det er Anita Eiksund som seier dette. I lag med Magny Krumsvik har ho ansvaret for «lilleputtane» i Bugarden.

Barnearbeidet i Ulstein kr.

Anita Eiksund i sofakroken. Audun viser villeg fram det han har laga på «Lilleputt».

Triangel-jentene i Bugarden

- 15 jenter i alderen 7 - 11 år.
- Leiarar: Turid Husøy, Kari Marie Frøysa.
- Møteaktivitet: Kvar torsdag kl. 17.30 - 18.30 i sekretærbusbaden.

«Lilleputtane» i Bugarden

- 18-20 førskuleborn tek del på samlingane.
- Leiarar: Anita Eiksund, Magny Krumsvik og praktikantar frå folkehøgskulen.
- Møteaktivitet: Samling kvar onsdag i sekretærbusbaden. Borna samlast midt på dag og er i lag ca. ein klokkeitime.

Saunes onsdagsskule

- 10-11 born i alderen t.o.m. 1. klasse.
- Leiarar: Marit og Kjell Einar Vik og praktikantar frå folkehøgskulen.
- Møteaktivitet: Samling annankvar onsdag.

Førskulegruppe i Hofsetmarka

- 10 førskuleborn.
- Leiarar: Evi Vattøy og praktikantar frå folkehøgskulen.
- Møteaktivitet: Borna samlast i 90 min. kvar onsdag.



**BLIKKENSAGERVERKSTED
FASADEKLEDNING
SKIPVENTILASJON**

Telefon (071) 80 620 - priv. 80 421



**ELFO-Ulstein
ELEKTRISK
FORRETNING**
Postboks 73 — Telefon (071) 80 225



**Vi gratulerer 100-åringen
VI TAKKER FOR EIT FINT VERTSKAP
I OVER EIT 1/4 HUNDRE ÅR!**

**HENRY RØYSET
KOLONIAL - FRUKT - DELIKATESSE**
6065 ULSTEINVIK

Ungdomslag samlar 55 born i 4 grupper - ei triangelgruppe og tre forskulegrupper. Arbeidet er klart desentralisert. Foreldre har sett behovet for å skape eit miljø for borna sine i nærmiljøet. Dei var først ute i Bugarden - seinare har andre plukka opp ideen. Her har ein også ved eit par høve slått større slag for samhald og trivsel i nærmiljøet: Ein har arrangert foreldresamlingar som har vorte reine gren-dakveldar.

«Lilleputtane» har samling midt på dagen og samlar alle born i bustadfellet mellom 4 og 7, som ikkje går i barnehagen. Dei har først ei samlingsstund der dei syng, snakkar og les med borna. Til opplesing har dei brukt Kari Vinje sine populære barnebøker. Etterpå løyer borna enkle formingsoppgåver.

- Vi prøver å unngå å kjøpe for mykje, fortel Anita Eiksund. For det meste nyttar vi verdlaust materiale og dermed blir

ikkje dette så ressurskrevjande reint økonomisk heller.

Ei liknande gruppe er i gang i Hofsetmarka og her er oppleget mykje godt det same. Men i Bugarden har dei fordelen av å ha eit godt lokale i kjellaren på sekretærbusbaden. Desse lokala er forresten blitt endå betre siste året. Turid Husøy, som er leiar for triangeljentene, kan fortelle at det er innreidd toalett og kjøken i samband med møteromet.

Turid har elles vore engasjert i barnearbeidet i Bugarden i vel 4 år. Kva trur ho dette arbeidet har å seie for ungane?

- Det har eg ofte lurt på, - i alt det virvaret som er av tilbod til dei. Vi vonar at dei skal halde fram, at dei skal vekse inn i spidrarabid og seinare kome med i ungdomsarbeidet.

Også triangeljentene syng mykje i lag og dei har drive med forming. I haust samla dei inn 16000 kroner til AVPD (All Verdens Pikers Dag) og dei har fjernaddoptert ein gut som dei betalar pengar til.

Marit og Kjell Einar Vik driv «onsdagsskule» på Saunes. Også her er oppleget mykje godt det same: Opplesing, song, leikar og formingsaktivitetar.

- Kvífor sette de i gong med dette, Kjell Einar?

- Det var mange grunnar til det. Den viktigaste var at vi reiste så mykje i helgane. Dette



Triangeljentene i Bugarden driv mellom anna med formingsaktivitetar. Her blir melkekartongar til blomsterpotter.

**loens
musikkcenter**

6065 ULSTEINVIK - tlf. 81 067

**FOTOGRAF
OLAV HJERTENES
ATELIER - FOTOFORRETNING**
Telefon (071) 80 752

**BIRGER
Sunde**

**UR - OPTIKK
GULL - SØLV - TINN**
6065 ULSTEINVIK,

*Vi gratulerer
med 100 års jubileet*



Ulstein Trelast as

6065 ULSTEINVIK

førte til at borna våre ikkje fekk gå på sundagsskulen og på Saunes var det ikkje noko tilbod til orna i veka. Dermed byrja vi å samle borna våre og kameratkrinsen deira til ein slags sundagsskule på ein kvardag, og det er meininga at alderen på

gruppa skal auke med alderen på våre eigne born.

Vel, ideen er gratis om andre skulle ha tiltak til å setje i gong. Slagordet er trivsel og positivt byggjande aktivitet i nærmiljøet.

Forbundsringen i Bugarden

- Ca. 10 kvinner, dei fleste frå Bugarden.
- Leiar: Bjørg Myklebust.
- Samlast kvar tirsdag hjå ein av medlemene.

Forbundsringen står bak

ikkje sikkert at alle her veit om oss. Vi har spurt dei nye som har kome og som vi har visst har vore interessert.

Og opplegget?

- Vi les mykje i lag frå bøker og blad. No les vi mellom anna frå Karsten Isachsen: «Som når et barn». Så samtalar vi litt. Andakta går på omgang. Når vi samlast har vi med oss nokre kroner kvar og dei pengane brukar vi til å støtte ligg her og litt der. Vi gir litt til krinsen, litt til Fredheim og litt til Folkehøgskulen alt ettersom. I det siste har vi investert ein del i kjellaren på sekretærbusbaden.

Sannsynlegvis Ten Sing-kor i Ulsteinvik fra hausten

Det blir arbeidd med å få starta opp Ten Sing i Ulsteinvik frå hausten av. Kristin Husøy har sagt seg viljig til å ta dirigentjobben så sant det lukkast å skaffe fleire leiarar.

Det har også fleire periodar tidlegare vore i gang Ten Sing-kor her og dette arbeidet har vore populært. Dei ti åra som har gått sidan ideen vart lansert, har vist at Ten Sing er ei arbeidsform som når langt ut. Ideen har vore at det skulle vere like mykje ein verestad og ein vekkestad for ungdom som eit kor, og det er ikkje få som har

funne vegen inn i det kristen fellesskapet gjennom Ten Sing-rørla. Dette er det beste arbeidsreidskapet vi har i det sivile ungdomsarbeidet i NKUF.

Når koret her i Ulsteinvik har lege nede ein periode, har det samanheng med at ein har stått utan dirigent og tildels også utan leiarar. Det er ikkje frugg av tvil om at det er behov for eit slikt arbeid. Skal det også denne gongen strande på leiarmangel?

Ein har alt tenkt nokså klare tankar om korleis arbeidet skal leggast opp. Kvar månad blir det 3 øvingar og ein klubb/miljøkveld. I samband med annankvar samling er det meininga at ein skal ha eit bibelgruppebeid.

Her ligg det oppgåver og venstar. Skulle nokon vere viljuge til å ta opp utfordinga er det berre å ta kontakt.

Heimane Våre

- Nemnd: Sigrid Sundsbø, Odd Magnus Osnes, Norunn Kirkebø Elde, Gunnfrid Dukefoss, Bjørg Myklebust og Kari Marie Frøysa.
- 2-4 samlingar i året.
- Møtestad: Fredheim.

- Kven er det som kjem på Heimane Våre?

- Det er god blanding av eldre og yngre ektepar. Vi har ei kjensle av at vi når ein del menneske som ellers ikkje er med på noko i vår samanhengar. Og det er eit klart behov for desse samlingane.

- Du er sjølv innflyttar - er det



*Vi gratulerer
ULSTEIN KR. UNGDOMSLAG*

med 100-års jubileet



KLEVAN MEK. VERKSTED AS

6065 ULSTEINVIK

vanskeleg å kome inn i miljøet?

- Ulsteinvik er stort og det er vanskeleg å få oversyn, men eg syns ikkje for min eigen del at det har vore så vanskeleg å få kontakt. Det er nok ein tendens til at ein må inn i visse båsar for å bli tatt opp i miljøet. Og det er klart at dei fleste innflyttarane må få ei personleg utfordring, må beast med, for at dei skal engasjere seg i noko. Men slik er det overalt og det er ikkje uttrykk for at eg er spesielt kritis til miljøet her.

- *Satsar Heimane Våre på å nå innflyttarane?*

- Vi har lyst til å prøve å nå innflyttarane - gi dei hjelpe til å skaffe barnevakt og på den måten få dei med ut. På samlingane har vi prøvd å skape ei kontaktskapande og ufornell atmosfære. Vi har småbord og legg opp til ein viss sirkulasjon i samband med serveringa.

- *Kva er det de vil med arbeidet?*

- Vi vil kaste fram ein del tankar som folk kan kjenne seg igjen i, tenke vidare på og ta til seg. Det overordna målet er å inspirere ektepar til å skape gode

og trygge heimar. Vi lever i ei tid der alle er så opptekne med å vere med på ting at vi ikkje tek oss tid til å vere i lag med familiien.

- Vi har prøvd å få til ein tråd i samlingane. I haust tok vi opp ekteskapet - duett eller duell. Utgangspunktet var David

Kvebaek si bok. Så hadde vi familiefest før jul. Denne var lagt opp spesielt med tanke på barna og emnet var tilhovet mellom foreldre og born. I vår snakka Ottar Berge om medmenneskeleg omsorg. Arbeidstittelen på den neste samlinga vi skal ha er «Barnet sitt sjølvbilete».

Kjekt å vere speidar

Vi har patruljemøte ein gong i veka. Vi har opningsseremoni, andakt og driv fekk oppgåver der vi skulle lage ei grue og ein gaffel av tre, grue og snorskulptur. Vi telde opp poeng under heile turen. Og om kvelden hadde vi manever. Døi var litt sovn og mykje prat om natta. Straumen til hytta fekk vi frå ein venn med dynamo.

Ein annan gong var vi på Ytre Flo-vatnet. Døi vi kom opp til vatnet, fann vi oss ein leirplass utpå eit nes. Vi laga grue og til middag hadde vi graut med oske i. Etter maten prøvde vi fiskelukka, men det var skralt med fisk. Mens vi fiska laga to karar ei bivuka. Om kvelden byrja det ei regne. Dei fleste tetta var ikkje vassrette, så det var mange av soveposane som var heilt våte, slik at vi fraus. Dagen etter spiste vi frokost og rydda etter oss og for heimatt. Ved midnatt haurde leiaen vår nokre rare lydar. Vi gjekk bort gjennom marka og då såg vi at det var orreleik.

På mota og turane våre har vi andakt og bibelarbeit. På mota synger vi litt, men det lar litt følt. Til slutt vil gjerne seie at dei er kjekk å vera KFUM-spedarar.

Kjetil, Kjetil, Einar og Arnstein

Et godt bytte!**Spar tid og penger
med
Bosch bytteservice.**

Bosch fabrikk-overhalte byttestartere og dynamoer til de fleste europeiske og japanske personbiler.

Kortere reparasjonstid, faste priser og riksgaranti. Godt utvalg også for tyngre kjøretøy.



**Bosch bytteservice -
Faste priser og riksgaranti**

**SERVICE A/S
Mobilstasjonen**

Tlf. 071/80961
Ulsteinvik

ditt elektrosenter

hos oss. Den einaste dagen vi hadde fint ver, var på søndag, besøksdagen. På denne leirene var vi ikkje på haik, men det tok vi igjen på Gjermundnes året etter.

Vi har også tenkt oss på haik når vi skal på leir i sommar.

Vi håper det blir mange speidarar som tar turen til Jørstadmoen i sommar.

Det er sikkert mange som heldt på å øve seg med forskjellige ting. Det er godt å kunne ting når ein skal på landsleir. Vi har i alle fall forebudd oss.

Kari Mette og Ellinor

HALVDAN SAUNES

KOLONIAL - SKO

Tlf. 80 025

K-KJØPMANN MED DEI GODE TILBOD

PRIMA-BUTIKK**HARALD MOLDSKRED**

DAGLEGVARER - POST - BENSINSTASJON
KOMMISJONÆR FOR NORSK TIPPING A/S

Tlf. butikk 84 280 - post 84 265
6072 HADDAL



Stranda Verksted AS.

6065 Ulsteinvik

MEDLEMSKAP I S-LAGET

GIR MANGE FORDELAR:

**8,5% RENTE PÅ LÅNEINNSKOT
UTAN OPPSEING**

ANDEL I OVERSKOT I HØVE TIL KJØP
MEDBESTEMMELSE I STYRENDE ORGAN

MED TANKE PÅ FRAMTIDA - BLI MEDLEM I S-LAGET

S VESTRE SUNNMØRE S-LAG

KARI PARFYMERI
6065 Ulsteinvik

Frisk og stilig!

**Broderi, garn,
hobbyartikler, leiker**
**ULSTEIN GARN
OG BRODERI A/S**
6065 ULSTEINVIK - TLF. 80 054

elle boutique

MOTEKLÆR

UF

**VETERAN
I VAREHANDEL
FRA 1872**

*Vi flytter inn i nytt
forretningsbygg
i oktober 1982.*

**Ulstein
Forbruksforening**
KOLONIAL - JERNVARER - SKIPSHANDEL
6065 ULSTEINVIK

**ÅSHILD
SVERTSSEN**
BRUKSKUNST
6065 Ulsteinvik
tlf. 071 - 80768

Skeide Mek. Fabrikker A.s

N-6065 Ulsteinvik - tlf. (071) 80 582

FABRIKASJON AV KRANER - VINSJER
SKEIDE FISKEVEGNMASKIN (NY MODELL)



**Ulsteinvik Radio
og TV a/s**

Tlf. 80 242 - 6065 ULSTEINVIK

**Gratulerer med
100 års jubileet
Skiltprodukter**



ULSTEIN
Gratulerer med jubileet

**Skal du ha et tak med lav vekt,
rimelig pris og utseende som
hollandsk glasert taksten?**

Plannja As



FORHANDLAR: BOINDUSTRI A/S

**BILOPPRETTING - LAKKERING
BILUTLEIGE - MEKANISK ARBEID
TECTYLBEHANDLING
NAF - VIKING - HJELPESTASJON**



AASEN BILVERKSTED

6065 ULSTEINVIK

Oyehols Varehus

GRATULERER

APOTEKET MØREJARLEN

6065 ULSTEINVIK

**TIL LYKKE
MED
JUBILEET**

@bus

Tlf. 80 880 6065 ULSTEINVIK

Ulstein og KFUK - KFUM

Tidleg start:

Ulfstens Ynglingeforening vart skipta 23. mars 1882. Ulstein var tidleg ute! På Sunnmøre var det då Ynglingeforeninga berre i Ålesund - og på landsplan var foreininga mellom dei 19 første i Norges Kristelige Ungdomsforbund (eller Norske Ynglingeforeningars Fællesforbund) som organisasjonen heitte den gongen.

Internasjonal inspirasjon:

Ynglingeforeningsarbeidet - (Yngling = ung mann) - har ei dobbel rot:

- Ynglingeforeninger i Tyskland starta for å samle reisande handverksvenner og skape ei miljø som alternativ til kroer og skjenkestover. Trå ord sermerkte programmet: Oppbygging, undervisning og underhaldning.

- Young Men's Christian Association (KFUM) skipta av George Williams i London i 1844. KFUM tyder kristelig foreining av unge menn. KFUM samla handelsbetjentar og kontorassistentar til bøn og bibelsamtale, men utvida etter kvart verksmeda med undervisning. KFUM's grunnkarakter var: Vinne unge menn for Kristus!

Kvinnene kjem med:

Ulfstens Ynglingeforening hadde skippingsdagen seksten ungdom som medlemmar. Først i 1895 vart Ynglingeforeninga omdanna til Ulstein kr. Ungdomsforeining der også kvinner hadde adgang.

KFUK - Kristelig foreining av unge kvinner - starta som ei kvinnervesle ved siden av ynglingeforeiningane.

Nesten alle ynglingeforeiningane var starta i byane - ideen hadde sær gott der unge menn var flytta heimfrå og trengte eit godt miljø! På bygdene vart et i staden starta ungdomsforeiningar for både menn og kvinner, og desse fellesforeiningane stetta trøngan for eit kristent ungdomsarbeid på dei mindre städane!

KFUK-KFUM-idéen:

Trekanten er merket både til KFUK og KFUM. Sidene i trekanten minnar om Ånd, Sjel og Lekam - ansvar for «det heile menneske». Denne bibelske tanken er eit pedagogisk hjelpemiddel i programarbeidet. Ungdomsarbete skal ha omsorg for heile mennesket og skal difor vee meir enn fokussering, bøn og bibelstudium. Difor har KFUK-KFUM også plass til idrett, lek, friluftsliv, moro, underhaldning, undervisning, formring, drama, song, musikk, sosialt engasjement m.m. Det kristen barne- og ungdomsarbete skal hjelpe til med ei harmonisk utvikling av heile mennesket under hovudmåletsettinga: «Ungdom for Kristus!»

Norges Kristelige Ungdomsforbund har vore ei pionerørsle når det gjeld å ta i bruk arbeidsformer for å nå ut i barne- og ungdomsverda med eit kristent tilbod. Ungdomsforbundet har vore som ein plogspiss for Kyrkja - og har prøvd å nå den kyrkjeframande ungdomen. Arbetsmetodana har ofte vorte kritiserte, men så lenge metodane kan vere til hjelp i arbeidet med å vinne ungdom for Guds rike er dei rettkomme.

Norges Kristelige Ungdomsforbund:

Ulstein kr. Ungdomslag er tilslutta Norges Kristelige Ungdomsforbund. NKUF er etter Norges Idrettsforbund den største ungdomsorganisasjonen i landet med vel 70.000 medlemmer.

Verdsforbunda av KFUK og KFUM:

Gjennom NKUF er Ulstein kr. Ungdomslag tilslutta verdsforbunda av KFUK og KFUM. Det er slikt arbeid i over 90 land med tilsamman 15 millionar medlemmer.

Gjennom Ungdomsmisjonen og Ungdomsaksjonen driv NKUF misjonsarbeid, flyktningararbeid og sosialt hjelpearbeid i ei rad land i Asia, Afrika og Sør-Amerika.

Internasjonalt er KFUK-KFUM ei økumenisk rørsle, med medlemmer frå ulike kyrkjesamfunn. Dette er i samsvar med ånda i Jesu ord som er sett som motto for KFUM: «At dei alle må vere eitt!» (Joh. 17,21).

Arne Walderhaug

**Vi gratulerer
med dagen
Les om
jubileumsfeiringa i**

Vikebladet



Ungdomslokalet Fredheim - midt i Ulsteinvik sentrum. Huset vart vigsla våren 1909 og har sidan vore ein viktig ytre føresetnad for den store aktiviteten i og rundt Ulstein kr. Ungdomslag. Gåvane som blir samla inn i samband med jubileet går til eit fond som skal sikre laget føremålsatenleg hus også i framtida.

Bruk postgiroblanketten: VI INVESTERER I FRAMTIDA

Det er berre å innsjå at Fredheim er i ferd med å bli nedslite og lite føremålstenleg. Rett nok er ikkje dette noko påtrengande problem i dag, men dei neste 10-20 åra vil andre løysingar tvinge seg fram. Storsalen er oftaft for liten og det var alt i 60-åra konkrete planar om ei utviding. Desse vart av ulike grunnar ikkje realisert. No må laget gjere alvor av å tenke framover, om ein skal kunne sikre det kristne barne- og ungdomsarbete i Ulstein gode arbeidsvilkår.

Diverre kan ein ikkje her og no legge fram konkrete planar. Til det er spørsmålet altfor lite utgreidd og drøfta. Både restaurering/utviding av Fredheim og nybygg vil bli vurdert. Dersom ein vel det siste alternativet, vil det vere naturleg for Ulstein kr. Ungdomslag å prøve å få i stand eit samarbeid med andre - og då i første omgang med kyrkja. Formannen i jubileumsåret, Lidbjørn Vattøy, antydar samarbeid om å reise ei arbeidskyrkje, men understrekar at dette

ikkje har vore formelt drøfta på noko plan.

Det som er klart, er at uansett kva løsing ein vel, vil det krevje store investeringar. Med dei byggekostnadane ein har i dag er det så å seie uråd for ein frivilleg organisasjon å greie seg økonomisk dersom ein tek opp store lån til slike prosjekt. Det meste av pengane ein treng, må samlast inn før ein set i gong byggearbeida. Jubileumsinnsamlinga er den første byggesteinen.

Elles er den økonomiske situasjonen for Ulstein kr. Ungdomslag nokså god. Utleigelinnekten på Fredheim dekkjer den daglege drifta av huset og hovudlaget. Dei einskilde eininingane har sin eigen økonomi. Det kunne nok trengast ei økonomisk innsprøytning i enkelte av eininingane også, men midlane som blir samla inn i samband med jubileet vil uavkorta bli avsett til eit byggfond, og dermed legge grunnlaget for ei større og naudsynleg investering i ei ikkje altfor fjern framtid.

Kjell Grønner hovedtalar

Kjell Grønner blir hovedtalar under jubileumsfeiringa i Ulstein kr. Ungdomslag - og dette blir det siste offisielle oppdraget han har som generalsekretær i Norges Kristelige Ungdomsforbund.

Grønner er 47 år. Han vart kjend som «Bergenspresten som starta Ten-Sing-rørla». Han byrja løpebana si i NKUF som sekretær i Bergen Ynglingeforening i 1967, var leiar av «Shalom» Ungdomssenter frå 1972 og har no i 8 år sete som generalsekretær i NKUF.

Han er teolog og går over i ei nyoppretta stilling som fengselssprest i Bergen.

Vi ynskjer «generalen» hjarteleg velkommen til Ulstein.



Spørsmål

Sit du att med spørsmål du gjerne skulle haft svar på, vedrørende arbeid i Ulstein kr. Ungdomslag, kan du kontakte leiaraane for den aktuelle underavdelinga, eller formannen i hovudforeininga, Lidbjørn Vattøy (tlf. arb. 80 336).

Over 20 000 kroner

samla Fredheimringen inn i fjor. Av dei vart 12 000 sendt til Ungdomsringen. Resten vart fordelt på krinsen, Folkehøgskulen og Ungdomslaget. Foreininga oppfattar seg som ei støtteforeining for Ungdomslaget og er misjonsforeining, fortel formannen Oddlaug Ulstein.

På møta har ein tradisjonelt kvinneforeningsprogram, men drøftar også spørsmål som er oppe i tida. Ein har t.d. snakke om kvinneprest-spørsmålet.

Foreininga har kjøpt inn mykje til Fredheim: Gardiner, nye bord, koppar, kokekar osv. Pengane får ein inn dels på møta, dels på nokre misjonssamlingar ein arrangerer for dei andre misjonsforeiningane i Ulstein, men først og fremst på Julesalget første helga i advent.

LÅDRA
PLATEBAR

Sunnmørshukken
speler
på mange
større

Ikke berre fordi vi er
sterste banken på Nord-
vestlandet, men også fordi
vi ser på støtte til kultur-
arbeid innanfor idrett, foreiningar
og lag som ein viktig del av vår verksmed.
Brukar du Sunnmørshukken, er du også med på
«laget»!



Sunnmørshukken a/s

**Ulstein kr.
Ungdomslag**



1882 100 ÅR 1982

INTERN LEIARSAMLING

Fredheim, tysdag 23. mars kl. 20.00.

SPEIDARFEST

Sunnmøre Folkehøgskule, fredag 26. mars kl. 19.30.

For foreldre og slektnigar av KFUK/KFUM-speidarane - og alle andre interesserte. Magne Grimstad tek del. Det blir dramatisering, sketsjar, amerikansk auksjon m.m.

FAMILIEFEST

Fredheim, laurdag 27. mars kl. 15.30.

For alle med tilknytning til førskulegruppene og triangelforbundene. Gen.sekr. Kjell Grønner tek del.

UNGDOMSTREFF

Ulstein Samfunnshus, laurdag 27. mars kl. 20.30.

Gen.sekr. Kjell Grønner, Hareid Ten Sing, Kirsti Pedersen, Kjartan Grimstad m. fl.

JUBILEUMSGUDSTENESTE

Ulstein kyrkje, søndag 28. mars kl. 11.00.

Gen.sekr. Kjell Grønner, ungdomsprest Kjetil Frøysa, Ulstein Barnekor, offer til Ulstein kr. Ungdomslag.

JUBILEUMSFEST

Sunnmøre Folkehøgskule, søndag 28. mars kl. 18.00.

Inngangspengar kr. 40,00

Gen.sekr. Kjell Grønner, Ulstein Kyrkjekor, Kirsti Pedersen, attersyn, drama, musikk, song, m.m. Varmrett, kaffi og kaker. Jubileumsoffer.

Fordjupningsgruppa/bibelgruppa

- 15-20 møter fram på samlingane.
- Leiatarar: Margit og Kjartan Grimstad, Oddmund Ulstein.
- Møteaktivitet: Samling annankvar onsdag kl. 20.00 - som regel hjå Margit og Kjartan i Bugarden.

Mannsgruppa

- 8-12 medlemmar.
- Formann: Oskar V. Sundgot.
- Møtest siste fredagen i månaden i heimane.
- Fungerer som studiegruppe.

Fredheimringen

- 20-30 medlemmar.
- Formann: Oddlaug Ulstein.
- Kasserar: Elida Lillebø.
- Møtest i heimane annankvar onsdag.

Ungdomsklubben

- 20-30 på samlingane.
- Leiatar: Aksel Knutsen.
- Klubbkveld ein gong i månaden. Fredag kveld.
- Leiarteam: Solgunn Moldskred, Lars Rune Fyrilev og Ruth Ingrid Ulstein.

ULSTEIN INDUSTRI A.S.

FERDIGBETONG - ENTREPENØR

6072 HADDAL

mazda 323

NORGES MEST SOLGTE BIL

EIKSUND AUTO a.s.

Tlf. 80 896

6065 Ulsteinvik - Bilforhandler - Caravanimportør

Ringsdø Blomster 1%
Tlf. 80 614
6065 Ulsteinvik

ULSTEIN FYSIKALSKE INSTITUTT

6065 ULSTEINVIK
Tlf. (071) 81 130